

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Høyningsfråsegn:

Grinde den 6/6 2014

Gjengedal kraftverk i Gloppen. 132 kV kraftledning til Storebru, Gloppen og Flora kommune

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Gjengedalsvassdraget ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt aktivitetsområde. <http://www.turistforeningen.no/midtrenordfjord/>

Om friluftslivet i området:

Storevatnet ligg delvis innafor Naustdal-Gjengedal landskapsvernombudet og er utgangspunkt for turløyper i alle retninger. I pressemeldinga den 9 januar 2009 skriv Miljøverndepartementet følgjande:

Landskapet har stor variasjon, og her er noe av det fineste en finner av lavfjellslandskap i Sør-Norge. Landskapet omfatter både lavland, stølsdaler og fjellområder med breer. Særlig vassdragsnaturen gjør inntrykk. De mange dalene med elver og vatn er karakteristisk for området. Myr- og deltaområdene øst for Vonavatnet og nordøst for Storevatnet har særlig høy verneverdi.

Naustdal-Gjengedal er et populært friluftslivsområdet. Området er også mye brukt i forbindelse med beitebruk.

Sogn og Fjordane Turlag ber NVE med tanke på den dokumenterte store friluftsverdien å la Storevatnet forbli urørt. Dette vil sikre de store ustabile lausmassene i nordaustre del av Storevatnet som ved «magasin» bruk av bassenget lett kan erodere ut i vatnet og få redusert verdi i landskapsvernombudet. Sjølv om vannstanden vil verte innafor naturlege grensene vil erosjon bli framelska når Storevatnet som regel -etter utbygging- vil vere så tomt som mogleg for å kunne ta imot flaumvatnet til einkvar tid.

Ved vika ved Gjengedalsstøylene er Storevatnet grunnt og alt no har båter til dels vansker med å komme utpå ved låg vannstand. Ein vil oppleve denne stoa ofte dersom utbyggjaren satser på maksimal ytmytting av magasinressursen. (Alternativa med overlaupsterskel)



Overvatn

Eit siste element som kraftutbygjaren godt kjenner til og som ikkje har vore nemnt er **overvatn**. Storevatnet er mykje brukt til skigåing om vinteren og utover våren. Området ligg nerare 500 m.o.h. og tilkomsten er relativ grei, snøforholdene er jamnt gode. I eit så lågt liggjande vatn som Storevatnet vil sjølv ei lite oppdemning høgst truleg føre til store problem med overvatn på isen. Isen vil òg sprekkje tidligare opp langs land enn når vatnet er heilt uregulert. Demningen stengjer for utlaup under isen. Vatnet i mildværsperioder og vatnet som kjem med elvene vil byggje seg opp over isen etter at den har lagt seg. Naturleg utlaup under isen er sperra. Skigåing vil verte problematisk ved slike tilhøve.

Anadrom fisk:

Utbyggjing vil truleg føre til store problem for laksefisket i elva. Vi har lyst å bruke Rasmus Ommedal som er svært kunnskapsrik når det gjeld laks i elva sine vurderingar. Sjå vedlegg: SFT vil be NVE å tillegge Rasmus Ommedal sine vurderingar stor vekt.

Samordna fråsegn:

I samband med denne Gjengedals utbyggjinga og kraftledningen til Storebru har Sogn og Fjordane Turlag vurdert ei felles fråsegn saman med: *Naturvernforbundet, DNT, SABIMA og Norges Jeger- og Fiskerforbund*, som målretta. Fråsegnet vert sendt av Naturvernforbundet. Gjengedalsutbyggjinga med dertilhøyrande kraftledning er kontroversiell. For å legge trykk på avgjerdsmynde vurderer ein ei felles fråsegn som endå meire tungtvegande enn om SFT ville ha utarbeidd eige fråsegn til søknadane.

Sogn og Fjordane Turlag vil likevel – og for seinare direkte å verte deltagar ved synfaringar – sende inn element ved søknaden om utbyggjing av Gjengedalsvassdraget som me vurderer som viktige.

Turlaget sitt syn på utbyggjinga:

Sjå fellesfråsegn sendt ved Naturvernforbundet.
Sogn og Fjordane Turlag er **mot utbyggjinga**.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 97674654, E-post: rono@online.no

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutalet
Ron Overdevest (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14